

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV MAI 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Elisabet Sundgot

Visepres.: Ingar Bigset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: John Stennes

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Sverre Bjåstad

Ansv. Red.: Jan-Håvard Nytun

Referent: Egil Utgård

Fødselsdager i juni:

Sverre Bjåstad 17.07

Asbjørn Pilskog 19.06

100%frammøte i mai 2004:

Jarle Klungsøy, Sverre Bjåstad, Hans Gisle Holstad, Håkon Brekke, Johs. J. Hareide, Sigurd Bigset, Trygve Riise, Ingar Bigset, Aage Nytun, Johan Ole Brandal, Jan Rise, John Stennes, Irene Standnes, Vigdis Riise, Nils Nupen, Einar Holm, Arne Lillebø, Walter Jenssen, Jan Håvar Nytun, Terje Dalsøren, Einar Arne Riise.

Frammøteporsent: 66,7

17. mai 1940 av Nordahl Brun

I dag står flaggstangen naken  
blant Eidsvolls grønnende trær.  
Men nettopp i denne timen  
vet vi hva frihet er.  
Der stiger en sang over landet,  
seirende i sitt språk,  
skjønt hvisket med lukkede leber  
under de fremmedes år.

Der fødtes i oss en vissitet,  
frihet og liv er ett,  
så enkelt, så uundværlig  
som menneskets åndedrett.  
Vi følte da treldommen truet  
at lungene gispet i nød  
som en sunken u-båt;  
vi vil ikke dø slik død.

Verre enn brennende byer  
er den krig som ingen kan se  
som legger et giftig slimslør  
på bjørker og jord og sne.  
Med angiverangst og terror  
besmittet de våre hjem.  
Vi hadde andre drømmer  
og vi kan ikke glemme dem.

Langsamt ble landet vårt eget,  
med grøde av hav og jord,  
og slitnet skapet en ømhet  
en svakhet for liv som gror.  
Vi fulgte ikke med tiden,  
vi bygde på fred, som i tross,  
og de hvis dåd er ruiner  
har grunn til å håne oss.

Lest over radioen  
fra Nord Norge  
17. mai 1940.

### **Møte 3. mai 2004.**

Denne kvelden var det Nils Yngve Nupen som skulle halde ego- foredraget sitt.. Nils har vore teknisk leiar i Hareid kommune sidan 1999, og vart oppteken som medlem i Hareid RK i 2003.

Nils har mange interesser, og til dette møtet hadde han teke med seg gitaren, og framførde fleire viser som han sjølv har skreve og sett musikk til.

Han er fødd og oppvaksen i Ørsta, og kjem frå ei svært musikalsk og kulturelt interessert familie. Dei var 3 gutter og 2 jenter. Foreldra var aktivt med i song- og musikklivet i Ørsta, og dette påvirka og prega hans oppvekst i barne- og ungdomsåra.

Ved sida av musikk, driv han med fotball, slalom og friidrett.

I foredraget sitt kom han inn på slkta langt tilbake, og det var tydeleg at han også har stor interesse i slektsgranskning.

Desse interessene har han dyrka vidare etter at han slo seg ned her i bygda og gjennom dette har han vore med på å sette seitt preg på utviklinga av idretts- og kulturlivet her i Hareid.

Han kom til Hareid på slutten av 70-talet, og bygde seg hus i Geilane i 1981.

I 1983 var han initiativtakar til å starte opp at musikklaget Melshorn, som då hadde lege nede i mange år. Det svinga virkeleg av korpset dei første åra kan eg hugse.

Nilse er gift med Grete som er leiar ved postkontoret i Ulsteinvik. Saman har dei to born som har vakse opp på Hareid, og som no er 21 og 24 år gamle. Desse har også arva familien sine interesser, og har vore aktivt med i korps- og idrettsmiljøet i bygda.

Nils framførde sitt ego-foredrag på ein personleg og fin måte, og kombinasjonen med song av eigne melodiar gjorde møtet til ei rik oppleving.

Takk skal du ha Nils.

### **Møte 10. mai 2004.**

Denne kvelden var klubben invitert på bedriftsbesøk til Franzefoss Gjenvinning AS, som driv verksemda si i Brandsstranda.

Vi vart ønskt velkomne av dagleg leiar Johan Ole Brandal som er medlem av klubben vår. Han orienterte om bedrifta.

Denne bedrifta var det Gisle Eilertsen som starta under namnet Vestlandske Skip og Bilopphogging. Den vart skipa i 1979. I 1992 endra bedrifta namn til Vest-Miljø AS og har i tida etter steg for steg utvikla seg til ei solid og verdfull vedrift i vår kommune.

Gisle som tidlegare ved medlem av vår klubb, var ein grynder av den gamle sorten som vi har så alt for få av i dag. Han hadde ei evne til å sjå moglegheiter som andre ikkje såg. Forretningsidear og strategiar som var skrivne, eksisterte ikkje. Men i hovudet hadde han

klare tankar med alt han foretok seg, og oppnådde som oftast det han ville, sjølv om framgangsmåtane ofte kunne vere utradisjonelle. Han skaffa seg konsesjon for innsamling av bilvrak og kvitevarer for heile Nordvestlandet. I dette arbeidet fekke han god hjelp av dei som sat i den kommunale leiinga i Hareid. Han tok gjerne på seg gamletrøya og gamleveska når han skulle i møte med SFT og forhandle om prisar. Det var konsesjonane saman med godt resultat av drifta i 1994 - 1995, som var avgjerande for den prisen dei fekk for verksemda då Franzefoss kjøpte opp Vestmiljø i 1996.

Bedrifta har i dag tilsaman 28 tilsette, og er eigd av Franzefoss konsernet med hovedkontor i Oslo.

Avdelinga som vert kalla Franzefoss Nordvest, har underavdelingar i Kristiansund og Sunndalsøra. Det er Severein Eilertsen som i dag er regionleiar for denne avdelinga.

Bedrifta har marknaden sin innanfor desse spesialområda:

- Innsamling av bilvrak, mobil presse.
- Innsamling av kvitevarer.
- Innsamling av farlev avfall.
- Innsamling av skrapjer.

Når det gjeld innsamling av skrapjern, har det innanfor dette segmentet vore ei negativ utvikling. Dette har si naturlege forklaring i den labre aktiviteten i verkstadindustrien, og at dei fleste skipsverfta bygger skroga sine i Aust Europa.

Bedrifta kan vise til gode resultat, og har klart å tilpasse drifta og kostnadene etter dei skiftande tidene som er i skipsindustrien.

Vi fekk servert kaffi og kaker, og praten gjekk livleg rundt borda.

For melemmene i Rotary er desse bedriftsbesøka svært viktige. Gjennom slike besøk blir vi kjende med bedriftene som medlemmene våre står i leiinga for. Vi lærer av kvarandre, og får større innsikt i andre sine yrke.

Vi takkar for besøket.

## **Møte 24. mai 2004.**

Dette møtet var eit Intercitymøte saman med Ørsta RK på Ishavsmuseet i Brandal.

Frå Ørsta RK møtte der 11 deltagarar.

John Stennes var møteleiar i presidenten sitt fråvær, og ønske gjestene velkomne.

Det vart innleiingsvis orientert om RYLA-seminar som skulle haldast på Ulstein hotell i tida 17. - 20- juli. Vår klubb hadde meldt på 3 deltagarar.

Før gjetsene vart delt inn i grupper for omvisning, vart det orientert litt om museet, huset og talet på gjenstander osv.

Forsamlinga vart delt inn i 2 grupper, med Kåre Pilskog og Hermann Bakke som kyndige omvisarar. Begge har lang frtstid frå Ishavet. Omvisninga varde i 45 minutt.

Etterpå vart det servert kaffi og sveler, og praten gjekk lystig rundt borda.

Nils Yngve Nupen spelte gitar og song og song to viser "Snøklokka", med tekst av faren og melodi av Nils sjølv, og "Ørsta", tekst av faren med melodi av Knut Osa. Visene passa godt for denne samkoma.

Hallkjell Dahle orienterte så om programmet for juni.

Presidenten frå Ørsta RK takka for at dei fekk kome på besøk, og var tydeleg imponert over museet og samlinga.

Ivar Grimstad tok så ordet og mintest tida han hadde som medlem av Ørsta RK.

Han fortalte at han hadde mellomnamnet Ruben, Ivar Ruben Grimstad. Namnet kom frå farbror hans, Ruben, som kom bort i eit forrykande uver i Vesterisen i 1917. Han var då 17 år gammal.

Ivar las så diktet "Då plankane brast" frå diktsamlinga si Havland. Diktet tek utgangspunkt i denne tragiske hendinga. Han minte forsamlinga om at dei mange tragiske forlisa høyrer med til historia om selfangsten.

Til slutt song forsamlinga "Gud signe vårt folk der dei sigler og ror".